Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1,

Emnenr. 5  
Fylke: Opland

Tilleggsspørsmålnr.  
Herad: Ringebu

Emne: Vannbæring  
Bygdelag: Venabygd

Oppskr. av: Einar Hovdhaugen  
Gard: Venåsen

(adresse): Venabygd  
G.nr. 3  Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja – og etter tradisjon eg har høyrt.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er enda vanleg å bera vatn med vassela og to bytter her i grenda. Vanleg var vasselen rett og kvilte på skrå over oksla, men det kjennast og utholne vasselar.







Ein brukte jarnlekkje og jarnkrok, men vidjer og trekroker har truleg vore brukt før. Kring 1900-talet gjekk trebytter heilt av bruk. I einskilde tilfelle kjenner eg til at trebytter var brukt heilt utover til ca. 1915.

2. Kjennast ikkje. Det var derimot vanleg å ha ei treskive i bytta eller i kjeret om ein køyrde vatn, for å hindra skvalping. Berre brukt når ein hadde lengre vassveg.

4. Alle bar vatn, men mest kvinnfolka.

5. Det brukast ennå, mest på småbruk, men og på mange gardar.

6. Måtte ein hente vatn litt lengre veg, var det om vinteren vanleg å køyre eller dra vatn på slede eller kjelke. Der vasskøyring var øvriss vart det gjerne laga serskilte sleder

684

til dette brûk, <u>vassdraget</u> dei Kalla.

7. Fleire og fleire får lagt inn vatn for kvart år, men enda er her i bygda heile grendelag forutan innlagt vatn. Mange gardar med 10-15 kyr ber alt vatnet til dyra. Alle har eit ønskje om å få lagt inn vatn, men økonomien for jordbruket i fjellbygdene har vore og er så skral at nokor modernisering ofte er vanskeleg rå med, og så må folk slite.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
684